

Nærings- og Fiskeridepartementet  
Postboks 8118 Dep  
NO-0032 Oslo  
[postmottak@fkd.dep.no](mailto:postmottak@fkd.dep.no)

**HØYRINGSSVAR – «FORSLAG TIL STØRRELSBEGRENSNING FOR FARTØY SOM KAN FISKE INNENFOR FJORDLINJENE»**

Me viser til høyringsbrev av 26.9.2014.

Pelagisk Forening er sterkt negative til forslaget. Me meiner at geografisk avgrensing, med grunnlag i fartystorleik, ikkje bør skje.

Pelagisk Forening meiner at høyringsforslaget ikkje tek omsyn til at det har skjedd ringnotfiske, med større båtar, i over 50 år innanføre dei store områda som no er stengt av fjordlinjer. Dette er tradisjonelle rettar som må takast omsyn til.

Siktemålet med fjordlinjene synest med fyrste augnekast å vern av kysttorsken. Fiske med ringnot etter pelagiske artar har liten innblanding av torsk, og det er difor ikkje grunn til å stenga desse båtane ute, sjølv om fartya er lengre enn grensene som er foreslått i høyringsnotatet.

I andre fiskeri, som t.d. loddefiske, har Fiskeridirektoratet og Kystvakta heimel for å stenga område for fiske dersom dei meiner at det er for stor innblanding av torsk.

Med dagens kontrollregime, elektronisk fangstdagbok, AIS og straffetruklar er det fullt mogeleg å unngå bifangst av torsk utan å forby større farty å fiska innanføre fjordlinjene. Kontrollomsyn talar såleis ikkje for fiskeforbod basert på lengda på fartøya.

NFD bør ta innover seg at fjordlinjeregiane kjem frå grupper som ynskjer eksklusiv rett til å fiska i store områder. Dette til fortrenging av andre grupper som har fiska i områda i generasjonar.

Forslaget og fjordlinjereguleringane fører til auka sikkerheitsrisiko, og større utslepp av klimagassar, då regimet fører til auka gongtid for båtane som blir utestengt. Dette fordi dei må gå lengre til havs for å fiska kvotane sine.

Det er òg store negative økonomiske konsekvensar pga. auka landligge pga. dårleg vær, risiko for å ikkje få fiska heile kvotane etc.

Det kan òg nemnast at forskarar uttrykker uro for at den store makrellbestand i nord går ut over kysttorskbestanden. NFD gav i år kvotebonus for fiske av makrell nord for 65 grader nord. Skal makrellbestanden i nord reduserast må ikkje farty stengast ute.

Pelagisk Forening går sterkt i mot forslaget, og meiner òg at gjeldande reglar om fjordlinjer bør opphevast og fjordlinjenemnda oppløysast.

Me viser til at farty med LOA større enn 15/28 meter har fiska innanfor fjordlinjene i mange tiår. Dette er eit målretta fiskeri med lite bifangst av torsk. Omsynet til kysttorsken talar såleis ikkje for å nekta farty med LOA større enn 15/28 m lov til å fiska innanføre fjordlinjene. Som kjent så må fiskarane fiska fisken der den er. Når fisken historisk utan tvil ofte er innanfor fjordlinjene må den sjølvsagt kunne fiskast der.

Omsynet til sjarkflåten og landindustrien talar òg for fjerning av reglane om fjordlinjer. Som kjent har mange landanlegg dårleg økonomi, og det skjer ei strukturering på landsida. Mange landanlegg har òg blitt lagt ned dei siste åra. Landanlegga er, som kjent, avhengig av råstoff. Dersom landanlegga mistar råstoffleveransar frå deler av flåten med LOA større enn 15/28 meter, kan det føra til nedleggingar. Det er neppe den minste flåten tent med.

Slik reglane er i dag er dei mest til nytte for utanlandske turistfiskarar. Det var neppe siktemålet med reglane om fjordlinjer.

Me tillèt oss difor å koma med det innspel at fjordlinjeregane blir oppheva så snart som mogeleg.

Som kjent er ordninga med fjordlinjer svært udemokratisk. Dette fordi representantar for fiskarar som er utestengt ikkje har fått plass i «Fjordlinjenemnda»

Me vil òg tillata oss å gjera merksam på at fylkeskommunane sør for Møre og Romsdal òg burde stått på høyringslista. Dette fordi forslaget er til skade for næringsutøvarar i desse fylka. Dette gjeld spesielt næringsutøvarar i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Bergen 17.11.14

  
Med vennleg helsing  
Pelagisk Forening

Ask Økland  
Advokat